



Setesdalsamarbeid

Bykle, Valle, Bygland,
Eyje og Hornnes

Saksmappenr: 2020/17 - 1
Arkiv:
Sakshandsamar: Rita Hansen

Saksframlegg

Setesdal regionråd

Saksnummer	Utval	Møtedato
16/20	Setesdal Regionråd - Styre	26.02.2020

Reisemålsutvikling

Saksprotokoll i Setesdal Regionråd - Styre - 26.02.2020

Handsaming:

Tilrådinga vert samrøystes vedteke.

Vedtak:

Styret sluttar seg til skissert opplegg for vidare arbeid med reisemålsutvikling ved å søke om Nasjonal kolleksjon og løyver 300 000,- frå ledig ramme prioriterte tiltak gjennom året, til eigne middel i prosjektsøknaden.

Dagleg leiar tilrår:

Styret sluttar seg til skissert opplegg for vidare arbeid med reisemålsutvikling ved å søke om Nasjonal kolleksjon og løyver 300 000,- frå ledig ramme prioriterte tiltak gjennom året, til eigne middel i prosjektsøknaden.

Saksutgreiing:

1. Saksopplysningar

I desember 2019 kom spel, dans og kveding i Setesdal på UNESCOs representative liste for immateriell kulturarv. Bakgrunnen for lista er UNESCO konvensjonen av 2003, å sikre vern og respekt for enestående kulturuttrykk av ikke-materiell art.

I 2019 vart mogelighetstudien «Setesdalsveien som nasjonal reiselivsattraksjon» gjennomført.

Reiselivsnæringa er ei viktig næring i kommunane våre, noe tidlegere ringverknadsanalyser klart visar. Verdsarvstatusen gjer ein unik mogelighet og drahjelp til å utvikle reiselivsnæringa vidare.

Innovasjon Norge har utviklet programmet Nasjonal kolleksjon. Programmet blei presentert for Visit Setesdal, Agder fylkeskommune, USUS og Setesdal regionråd i møte med Innovasjon Norge 31. januar 2020.

Programmet nyttar seg av eit særskild verktøy kalt RISS, som er ein prosess og verktøykasse for strategisk opplevelsesutvikling og marknadsføring/kommunikasjon. Bruk av RISS innebærer ei systematisk og strukturert tilnærming til reisemålsutvikling og vil, slik ein ser det, vere et godt verktøy for å få til ein god prosess som gir konkrete resultat.

Sentrale temaer i prosessen vil til dømes vere:

- Behov i bedriftene relatert til relevante kundebehov
- Kva utløyses av verdsarvstatus, og korleis kan det bidra til nye gjestestrømmer?
- Korleis kan bærekraftig reisemål utvikles vidare til å løfte bedriftene både enkeltvis og i fellesskap?
- Kor er de gode historiene som kan gi grunnlag for nye gode kommersielle produkt?
- Korleis kan det henge saman med andre tiltak som naturleg kommer i kjølvatnet av verdsarvstatusen

I 2019 vart mogelighetstudien *Setesdalsveien som nasjonal reiselivsattraksjon* gjennomført. Der var det mellom anna gjennomført dybdeintervjuer med ei rekke utvalde ressurspersoner som representerer både reiselivsnæring og andre offentlege aktørar. Konklusjon og anbefaling frå studien:

Basert på funn i mulighetsstudiet samt dialog med utvalgte aktører jeg har snakket med langs Setesdalsveien, er det et samlet ønske om å arbeide videre med Setesdalsveien som reiselivskonsept i et forprosjekt. Det er også min vurdering som konsulent, med lengre erfaring fra opplevelsesindustrien, at Setesdalsveien har potensial for å fornye og forbedre seg som reiselivskonsept. Dette blant annet i lys av følgende momenter:

Vekst: *Reiselivsnæringen er en viktig og synlig del av verdiskapningen i Setesdal. Opplevelsesindustrien er i vekst internasjonalt, og Kristiansand er en naturlig innfartsåre for turister fra kontinentet.*

Styrke: *Setesdalsveien er «veien til fjordene» og står sterkt når det gjelder natur og kultur. Dette innebærer blant annet bunad, sølv, folkemusikk, dialekt og sannsynligvis også snart som del av UNESCOs kulturarvliste p.g.a. folkemusikken.*

Kulturturisme: *Det er konseptuelt særlig spennende å fokusere på kulturturisme som er mer lønnsom, mer bærekraftig og den har et enormt potensial.*

Bærekraftige reisemål: *Setesdalsregionen er nylig resertifisert som bærekraftig reisemål. Dette bør en bygge videre på i et forprosjekt.*

Friluftsmuligheter: *Otra og veien følger hverandre hele veien. Det vil være viktig å samhandle med Otra elvepark til beste for reiseliv og næringsutvikling. Her bør en også vurdere å løfte frem Nasjonal sykkelrute nr 3.*

Nyskaping: *Setesdalsveien kvalifiserer ikke på det nåværende tidspunkt til å bli en del av Nasjonale turistveier. Her har Setesdalsveien mulighet til å være med å gå i bresjen for en ny kategori nasjonalt.*

Kraftkonsentrasjon: Det er en fordel at Setesdalsveien er så pass konsentrert med hovedaktivitet fra Evje til Hovden. Det gjør det enklere med samhandling, konseptutvikling og markedsføring. Dette er også en positiv anbefaling fra Nasjonale turistveier med tanke på fremtidig deltakelse.

Deltakelse: Flere bjellesau-virksomheter og aktører tror på dette, ønsker det, og er villige til å bruke av sin tid i et forprosjekt, herunder Setesdalsmuseet, Destinasjon Hovden/Visit Setesdal, Mineralparken og Troll Aktiv.

3. Vurderingar

Reiselivsnæringa er ei viktig næring i kommunane våre, noe tidlegere ringverknadsanalyser klart visar. Verdsarvstatusen gjer ein unik mogelighet og drahjelp til å utvikle reiselivsnæringa.

I høve utvikling av reiselivsarbeidet i samband med dei mogelegheita verdsarvstatusen gjer og dei anbefalingane som vart gjeve i mogelighetstudien, meiner en det vil vere avgjerande å arbeide systematisk og langsiktig.

Dagleg leiar arbeider med en søknad til Innovasjon Norge om deltakelse i Nasjonal Kolleksjon, kor hovudmålet er å utvikle eit sett med produktkonsept og historier som posisjonerer Setesdal som ei unik, bærekraftig reiselivsdestinasjon innanfor kulturarvturisme og opplevsalar.

Gjennom bruk av Nasjonal kolleksjon vil ein utvikle ulike kulturopplevelser/kulturreiser med immateriell og materiell kulturarv i Setesdal som basis. Det skal byggjas konsept og historier som skal visualiseras, og historiene og konseptene skal synleggjøre Setesdal både i høy- og lågsesong. Med bruk av RISS, vil ein få tilgang til såkalla RISS-konsulenter med oppdatert kunnskap og erfaring på området.

Framtidig formidling, vidareformidling og forvaltning av den immaterielle kulturarven er viktig, og det det pågår fleire prosesser knytt til verdsarvstatusen. Mellom anna ei arbeidsgruppe bestående av representantar frå spelemannslaget, fylkeskommunen, de aktuelle kommunane, regionrådet, Setesdal museum og Setesdal folkehøgskole som har drøfta korleis verdsarvstatusen bør følges opp for å avklare nærmere forpliktelser, forventningar og oppgåver knytt til UNESCO statusen. Ein konkluderte med å starte eit forprosjekt som skal avklare rammer og innhald i eit framtidig 3-årig prosjekt. Fylkeskommunen ansatte leiar av forprosjektet 12. februar 2020.

Verdsarvstatusen vil også ha innverknad på reiselivsnæringa, spesielt på lengre sikt, og ein meiner det vil vera positivt om regionrådet og Visit Setesdal startar å arbeide systematisk med dette. Vidare at ein i arbeidet må sjå hen til parallelle prosesser og sikre koordinering og samarbeid.

Tilslutning til prosjektet er pt ev ei godkjenning til arbeide vidare med søknaden. I prosjektsøknad må ein i finansieringsplanen legge inn eigne middel/eigeninnsats. Dagleg leiar foreslår å sette av 300 000,- frå ledig ramme prioriterte tiltak gjennom året, til eigne middel i prosjektet.

Vedtak sendast til:

Valle, den 18.02.2020

Rita Hansen

dagleg leiar